



Omstridt containar blir eit diskusjonstema på ope møte 11. juni. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er no klart at Kjell Egil Hollund frå SIM vert med på neste møte i Bygdeutviklingsprosjektet under Uskedal Utvikling, opplyser prosjektleiar Kristian Bringedal til uskedalen.no. Eit sentralt tema på møtet, som vil vera ope for alle, vert renovasjon. Møtet blir halde 11. juni.

Hollund vil orientera om dei ulike ordningane som gjeld for renovasjon.

Han vil særleg ha fokus på ordninga med containarane som er tenkt for bestemte brukarar, til dømes hyttefolk, turistar, båtfolk og andre som har særleg avtale. Han vil også koma inn på problemet med misbruk frå brukarar som har private bosdunkar.

Uskedalen.no har før retta søkeljoset på slikt misbruk og også skrive om "containar på vandring". Det har ikkje vore lett å finne ein høveleg plass for "hyttecontainaren". Siste plassering er ved nedkøyrsla til Børneset, men er denne den endelege og ideelle?

Alle med interesse for renovasjon vil 11. juni ha høve til å møta fram for å sei si meining.

Det blir også synfaring av den nye uteplassen ved skulen og i det nye TV-selskapet Sydvest i OM Holding sine lokale.

Når det gjeld uteområdet er dette ein svært verdfull tilvekst til aktivitetstilbodet i bygda og det vil vera til stor glede både for born og vaksne både i og utanfor skuletida.

Det har vore ein lang prosess å få standarden på uteområdet slik han er no, held rektor Vidar Haugland fram på heimesida til Uskedalen Oppvekstsenter.

Brit Arnesen og Bente Bendixen gjorde grovarbeidet med planleggjinga. Dei søkte kulturkontoret om pengestøtte og fekk 200.000. 150.000 er nytta på skulen sitt område mens barnehagen disponerar resten.

Det meste av arbeidet er gjort av foreldra og mange av dei har lagt ned ein fantastisk jobb til beste for ungene sine, held Haugland fram.

Utan deira innsats hadde uteområdet aldri vorte så bra.

Men dei tre siste dugnadane har skulen sitt personale teke ansvar for og dermed kunne Oppvekstsenteret presentera eit så godt som ferdig uteanlegg til grunnlovsdagen.

Av Ola Matti Mathisen



Uteområdet ved Uskedalen Oppvekstsenter er ei svært verdfull tilvekst til aktivitetstilbodet i bygda. Dette biletet vart teke under ein av dei største dugnadane på området. (Foto: Ola Matti Mathisen)